



# Notat

Til: Tommy Veland

Kopi til: Anngunn Marie Gullbrå

Saksbehandler: Plan og byggesak/Anne Lise Molvik

Vår referanse: 22/3078 - 4 / GBNR-44/16, FA-L42, HistSak-15/163

Dato: 17.08.2022

## Emne: Vedkomande krav om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen - gbnr 44/16 Skauge

Saka gjeld:

Eigar av gbnr 44/ 16 har søkt om bruksendring av bygget på eigedomen tilbake til bustad.

Vurdering:

Bygget på eigedomen er i dag registrert i matrikkelen som bustad med kode 111. Av sak 2015/163 ser vi at status for bygget har blitt endra frå fritidsbustad med kode 161 til bustad og kode 111 i samband med at det er gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen for bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Dette er truleg gjort ved ein feil då nødvendig løyve til bruksendring etter pbl § 20-1, ikkje er gitt/behandla på grunn av mangelfull søknad.

Type	Tidspunkt	Bruker	På vegne av	Merknad
MS - F	06.08.2015 1...	LIKNBJ		Til godkjenning LIKNBJ 06.08.2015 10:44
MS - F	06.08.2015 1...	LIKNBJ	litohe	Godkjent LIKNBJ på vegne av litohe 06.08.2015 10:52:
MS - F	06.08.2015 1...	LIKNBJ	litohe	Beskjed LIKNBJ på vegne av litohe 06.08.2015 12:25 Til fakturering
MS - F	06.08.2015 1...	LIKNBJ	litohe	Beskjed LIKNBJ på vegne av litohe 06.08.2015 12:26 Til registrering i matrikkel og kart
MA - F	06.08.2015 1...	litrih	LIINH	Beskjed litrih på vegne av LIINH 06.08.2015 15:00 Gebyr er sendt tiltakshavar, kr 14 900,-
MA - F	01.09.2016 1...	lihase		Matrikkelført byggnr 300576572 garasje
MA - F	01.09.2016 1...	lihase		Matrikkelført bruksendring frå kode 161 hytte til kode 111 bustad

Slik byggesak vurderer det må bygget framleis vurderast som ein fritidsbustad slik status var før innsending av søknad om bruksendring i 2015. Dersom status skal endrast til bustad må det sendast inn ny søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1.

Saka vert oversend kommunen si avdeling for kart og oppmåling for eventuell retting av opplysningane i matrikkelen. Byggesak vil svare ut førespurnaden frå eigar når vi har fått tilbakemelding frå Kart og oppmåling i forhold til bygningsstatus.